Rogaland Revisjon IKS

FORVALTNINGSREVISJON AV

# PLAN- OG BYGGESAKER



SULDAL KOMMUNE

JANUAR 2015

# INNHALD

Denne rapporten sine målgrupper er kontrollutvalet, andre folkevalde, formelt ansvarlege i administrasjon og utførande fagfolk i administrasjon. Rapporten er eit offentleg dokument og skal vere tilgjengeleg òg for media og andre interesserte. Behova varierer, men her er ein lesarrettleiar med to nivå for kor djupt rapporten kan verte handsama:

1. Oversikt over innhaldet, samandraget og rådmannen sine kommentarar
2. Hovudrapporten med innleiing, fakta og vurderingar med tilrådingar, og dessutan vedlegg

**Innhald** ........ **3**

**Samandrag** ........ **4**

**Rådmannen sine kommentarar** ........ **8**

**Rapporten** ........ **10**

1 Innleiing ........ 11

1.1 Formål og problemstillingar ........ 11

1.2 Revisjonskriterium og metode ........ 11

2 Fakta og vurderingar ........ 12

2.1 Organiseringa av plan- og byggesaker ........ 12

2.2 Arealplanlegging (kommuneplanen mv.) ........ 14

2.3 Handsaming av plan- og byggesaker ........ 17

2.4 Samspelet med fylkesmannen og andre overordna organ ........ 24

2.5 Gebyr for og tidsfristar i sakshandsaminga ........ 27

**Vedlegg** ........ **32**

# SAMANDRAG

**Hovudbodskap**

*Vi finn kommunen sitt arbeid med plan- og byggesaker stort sett tilfredsstillande. Vi har tilrådingar som går på bruken av ByggSøk, tilsyn, tidsregistreringa av ordinære byggesaker og handteringa av gebyrreduksjon ved fristoverskridingar i slike saker. Vi har også nokre merknader som gjeld andre tilhøve.*

**Våre funn er vist nedanfor**

**Korleis gjennomførast arealplanlegging og handsaming av plan- og byggesaker i kommunen?**

Kommunen har berre kommuneplanen som overordna arealplan. Kommunen sitt areal er i all hovudsak regulerte i kommuneplanen. Det er einskilde område som er kvite (bandlagte etter lov om naturvern og uregulerte område som seinare skal regulerast etter plan- og bygningslova). Ny kommuneplan skal etter planen opp i kommunestyret før sommarferien 2015. Kommunen har utarbeidt ein rekke rutinar for handsaming av andre plan- og byggesaker. Vi finn desse rutinane stort sett tilfredsstillande. Kommunen er med på «Smartkommune-prosjektet». Formålet med dette prosjektet er einsarta rutinar for plan- og byggesaker for alle medlemskommunane. Suldal er med på alle tiltaka/løysningane, men alt er enno ikkje tatt i bruk.

Kommunen mottar dei aller fleste byggesøknader på papir. Desse skannast inn. I Suldal er det stort sett små byggefirma og privatpersonar som kjem med byggesøknader. Dei bruker normalt ikkje elektroniske byggesøknader. ByggSøk har derfor så langt ikkje medført nokon særleg effektivitetsgevinst for kommunen. Mange byggesøknader må leverast av byggefirma (som ansvarlege søkjarar). Kommunen vil kunne oppnå ein effektivitetsgevinst dersom desse i større grad bruker dei elektroniske løysningane for byggesaker i ByggSøk.

**Er kommunen sine arealplanar oppdaterte og tydelege nok for ein effektiv handsaming av byggesaker?**

Vi finn kommunen sine arealplanar oppdaterte og tydelege nok for ein effektiv handsaming av byggesaker. Vi har ingen merknader til kommunen sin status for arealdelen i gjeldande kommuneplan og arbeidet med arealdelen i ny kommuneplan. Kommunen har enno ikkje gjort noko med dei mange gamle reguleringsplanane med utdaterte føresegner, men det er liten aktivitet der (nye byggesaker). Kommunen legg opp til ein gjennomgang av dei mest utdaterte planane i planperioden.

På kommunen sine nettsider kan ein henta fram informasjon om plansaker (kommuneplanen og reguleringsplanar). Det er lenkjer til planregisteret (tre kartportalar). I planregisteret kan brukarane finna oppdaterte kart/føresegner/endringar for alle reguleringsplanar. Planregisteret er ikkje særleg synleg på nettsidene til kommunen.

Brukaren må sjølv vite at dette finst for å søkje det fram. Kommunen har - saman med Sauda - satt i gang arbeid med å få flytta fram planregisteret (kartportalane). Planregistret skal da framstå tydeleg for brukarane.

**Korleis er samspelet med fylkesmannen og andre overordna organ?**
Kommunen er i kontakt med med fylkesmannen, fylkeskommunen, Statens vegvesen og Kystdirektoratet når det gjeld kommuneplanen og regueringsplanar. Fylkesmannen er elles klageinstans når de ulike partane klagar på kommunen sine vedtak.

***Ny kommuneplan:*** Fylkesmannen har i hovudsak trekt motsegnene (som det heller ikkje var mange av denne gongen). Kommunen har elles vurdert og vil ta til følgje fleire av dei mange faglege råda som kom frå fylkesmannen. Fylkeskommunen hadde ein rekke motsegner. Fylkeskommunen ville m.a. at bustadbygginga primært skulle skje i kommunesenteret Sand og ikkje spredt i kommunen. Fylkeskommunen gjekk bort frå denne motsegna etter møte mellom politikarane i Suldal og fylkespolitikarane. I etterkant var det og eit administrativt kontaktmøte der ein kom fram til løysingar for dei andre motsegnene. Kommunen omformulerte kommuneplanen (presiseringar og tolkingar av uklare punkt).

***Andre plan- og byggesaker:*** Det har i perioden 2009-2014 vore 17 saker kor det har vore meir eller mindre usemje mellom kommunen og fylkesmannen. Dette er ikkje så mange saker, men kommunen har mykje arbeid med desse. Det er nesten berre fylkesmannen som har vore involvert i sakene. For heile oversikta viser vi til punkt 2.4 i rapporten.

**I kva grad er brukarane nøgde med handsaminga av byggesakene?**
Kommunen har hatt brukarundersøking av byggesaker to gonger (2011 og 2013). Begge gonger med svært godt resultat for kommunen. Både firma og privatpersonar var omfatta. Kommunen fekk ein score på 5,2 i 2013 (beste moglege resultat er 6). Snittet for Norge (23 einingar/kommunar) var på 4,4 og ingen fekk høgare score enn 5,4.

**Korleis handterast tilsyn i byggesaker?**
Kommunen ser på oppfølging av ulovlege tiltak og sjekk av søknadene som ei form for tilsyn. Det har ikkje vore tilfeldige tilsyn ute på byggeplassane til nå. Kommunen si plikt til å ha tilsyn følgjer av kapittel 15 i plan- og bygningslova. Tilsyn er kommunen sitt verkemiddel for å følgje opp byggesaker med omsyn til lovlegheit, kvalitet, prosess og føretak. Kommunen har likevel nedprioritert tilsyn. Dei har derfor ikkje nokon särskilt tilsynsstrategi. Bygdeutvikling seier at dei sjølv ikkje har den nødvendige kapasitet og kompetanse på området.

**Har kommunen tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet på områda?**
Kommunen sin kompetanse på områda synast stort sett å vere tilfredsstillande, sjølv om ein innanfor byggesak gjerne kunne hatt meir fagkompetanse (t.d. arkitekt eller

ingeniør).

Når det gjeld kapasitet ser vi at kommunen har slitt med ein relativt stor del byggesaker som har overskride dei lovmessige tidsfristane. Det går elles fram at kommunen har nedprioritert tilsyn pga. manglande kapasitet og kompetanse på akkurat det området. På plansida kjøper ein seg noko kompetanse og kapasitet med konsulenttenester.

**Korleis gjennomførast kjøp av konsulenttenester?**

Til hjelp med kommuneplanen vert det nytta eksterne konsulentar ut frå rammeavtale. Kommunen har rammeavtale med Kon-Sul AS. Konsulentane skal ta toppane i kommunen sitt eige planarbeid (som når dei er midt inne i ein ny kommuneplan). Det er berre Kon-Sul AS som er brukt så langt. Dette fungerer godt for kommunen. Kon-Sul AS har god lokal kunnskap. Dei leverer til dømes dei fleste private reguleringsforslag.

Rammeavtalen kommunen har med Kon-Sul AS gjeld prosjektadministrative tenester etc. Den har ikkje med arbeid med arealplanar. Kommunen seier at dette var ein forgløyming i sjølve teksten i konkurransegrunnlaget/rammeavtalen og at det heile tida var meininga at rammeavtalen og skulle omfatte slikt arbeid. Teksten i rammeavtalen er dermed ikkje korrekt. Når det vert aktuelt med ny avtale, må dette punktet rettas opp.

**I kva grad vert dei lovmessige tidsfristane for plan- og byggesaker overhalde?**

Det er tidsfristar for mange sakstypar i lovreglane. Vi har konsentrert oss om dei sakstypane som gir gebyrreduksjon ved fristoverskridingar (perioden 2010-2014). Dette er førstegongs handsaming av private reguleringsforslag og handsaminga av ordinære byggesaker (begge med 12 vekers tidsfrist). Kommunen kan i særskilte tilfelle forlengje tidsfristen. Det kan og avtalast ein annan frist.

Det har ikkje vore fristoverskridingar ved førstegongs handsaming av private reguleringsforslag. For byggesaker hadde kommunen i mange tilfelle overskride handsamingsfristen. Kommunen har hatt ein del etterslep på byggesaker pga. lengre sjukefråvær. Dette gjeld særleg for 2013, kor 19 % av byggesakene hadde overskride tidsfristane. Overskridingane gjeld både ordinære byggesaker (kor gebyrtap kan vere aktuelt) og enkle tiltak (kor gebyrtap ikkje er aktuelt). Dei faktiske sakshandsamingstider og talet på tilfelle av fristoverskridingar er kanskje mindre enn dei registrerte. Sakshandsamingstida skal teljast frå komplett søknad er kome inn og kor forseinkingar som skyldast søkjar ikkje skal takast med. Kommunen noterer ikkje alltid desse «avbrota» og dette fører til at dei registrerte sakshandsamingstidene vert for lange.

**Har kommunen hatt gebyrtap på grunn av for lang tid på sakshandsaminga?**

Ettersom det ikkje har vore fristoverskridingar ved førstegongs handsaming av private reguleringsforslag, har kommunen ikkje hatt noko gebyrtap her. Lange sakshand-

samingstider for private reguleringsforslag skyldast normalt tida etter førstegongs handsaming, slik at dette ikkje synast unaturleg.

For byggesaker har kommunen berre ført eit gebyrtap. Dette skjedde i 2014. I denne saka med ansvarleg søkjar vart gebyret redusert med 5.400 kroner (75%). Det var i 2014 fristoverskriding i totalt åtte saker (7 %). Dei syv andre sakene er mindre tiltak (utan ansvarsrett) kor søkjaren sjølv har stått for søknaden. Tre av desse gjeld ordinære byggesaker med eit samla gebyrtap på 12.515 kroner. I ein av sakene vart krav om gebyr ikkje sendt. Gebyrtapet her er på 7.210 kroner og vert ført i 2015.

Vi ser dermed at kommunen ikkje har nokon fast rutine på å betale tilbake gebyr ved fristoverskridingar. Dei einskilde søkjarane må normalt sjølv be om gebyrreduksjon og det har ikkje vore slike krav (med unntak for den nemnte saka i 2014). Ut frå lovreglane ligger betalingsansvaret på kommunen.

**Vi gir følgjande tilrådingar til kommunen**

- Kommunen bør vurdere tiltak for om mogleg få fleire byggefirma til å levere elektroniske byggesøknader. Dette kan gjerne vere eit samarbeid med nabokommunane.
- Kommunen bør utarbeide ein tilsynsstrategi og auka talet på tilsyn. Dette kan gjerast i samarbeid med nabokommunane.
- Kommunen bør sørge for at tidsregistreringa ved ordinære byggesøknader (12 vekers tidsfrist) blir korrekt, slik at ein kan følgje med på saker kor det kan vere aktuelt med gebyrreduksjon ved fristoverskridingar. Kommunen bør også ha ein fast rutine på å betale tilbake gebyr ved fristoverskridingar.

# RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

***Vi mottok rådmannen sine kommentarar 30.01.15.***
Rådmannen er tilfreds med at Rogaland Revisjon IKS finn kommunen sitt arbeid med plan og byggesaker tilfredsstillande.

Revisjonen har nokre tilrådingar som ein vil kommentere:

ByggSøk
Revisjonen peikar på at ein bør arbeide for at fleire skal levere byggesøknaden gjennom ByggSøk. Kommunen er samd i dette og me vil oppmode ansvarlege søkjarar om å levera byggesøknadane elektronisk. Argumentasjonen vil vera at søknaden då vil gå raskare frå søkjar til sakshandsamar. Elektroniske søknader kan heller ikkje avleverast før visse formelle krav til søknaden er stetta. Slik kan ein unngå spørsmål om tilleggsopplysningar og brot i sakshandsamingsfristen. Men det er ein god del søkjarar som ynskjer å fylle ut vanlege skjema og levere manuelt. Me vil framleis ha ei positiv haldning til desse og bruke naudsynt tid til råd og rettleiing sjølv om det kan føre til noko lengre handsamingstid.

Tilsyn
På noko sikt vil kommunen arbeide for å få til ei tilsynsordning. For at det skal fungere bør me avgjort arbeide for ei felles tilsynsordning med fleire nabokommunar.

Tidsregistrering
Me vil gi registreringsarbeidet for tidsbruken noko høgare prioritet og arbeide for at tida blir målt rett. Me vil og vurdere å vera noko meir konsekvent på å handsame sakene i den rekkefølgje dei kjem inn. Men me kjem nok framleis til av og til å ta saker som hastar utanom tur.

Gebyrreduksjon
Me vil prioritere arbeidet slik at gebyrreduksjonen vert lågast råd. I dei tilfella der sakshandsamingstida likevel går ut over den lovbestemte fristen skal sakshandsamar føra på kor mange veker fristoverskridinga er. Gebyret vil bli redusert tilsvarande.

**Kommentarar til andre moment frå i rapporten.**

Kjøp av konsulenttenester Kommunen har rameavtale med Kon-Sul AS om konsulentkjøp. I avtalen er kjøp av arbeid med arealplanar utegløymt. Kommunen vil enten få dette inn i rammeavtalen eller sørgja for ordinær tilbodsførespurnad til fleire firma.

Samspelet mellom Fylkesmannen og andre overordna organ Rapporten syner at det er bra samspel mellom Suldal kommune og Fylkesmannen i Rogaland. Konfliktnivået er relativt lågt og det gjeld etter måten få saker. Men dei sakene der det er usemje vert arbeidskrevjande. Kommunen vil arbeide for gode kommunikasjonsprosessar i sakene.

Kompetanse og kapasitet Innafor planhandsaming har kommunen god kompetanse når det gjeld utarbeiding av overordna arealplanar som arealdelen av kommuneplanen. Me har og god kompetanse for handsaming av detaljplanar.

Men me manglar både kapasitet og kompetanse når det gjeld praktisk utarbeiding av detaljplanar. Det vil difor vera påkravd med konsulentkjøp til utarbeiding av kommunale detaljplanar.

Me meiner likevel å ha kapasitet og kompetanse til å gå inn i ein tettare dialog med dei som skal utarbeida detaljplanane. Når det gjeld byggesakshandsaminga, manglar me som det går fram av rapporten, ingeniør/arkitektkompetanse. Sakshandsaminga er fordelt på tilsette med anna bakgrunn og utdanning. Handsamarane har utvikla realkompetanse gjennom mange år.

# RAPPORTEN

# 1 INNLEIING

## 1.1 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Formålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet er å vurdere utvalde tilhøve ved plan- og byggesaker.

**Ifølgje kontrollutvalet si bestilling skal følgjande problemstillingar klargjerast:**

- Korleis gjennomførast arealplanlegging og handsaming av plan- og byggesaker i kommunen?[1]
- Er kommunen sine arealplanar oppdaterte og tydelege nok for ein effektiv handsaming av byggesaker?
- Korleis er samspelet med fylkesmannen og andre overordna organ?
- I kva grad er brukarane nøgde med handsaminga av byggesakene?
- Korleis handterast tilsyn i byggesaker?
- Har kommunen tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet?
- Korleis gjennomførast kjøp av konsulenttenester?
- I kva grad vert dei lovmessige tidsfristane for plan- og byggesaker overhalde?
- Har kommunen hatt gebyrtap på grunn av for lang tid på sakshandsaminga?

Som ein del av rapporten viser vi dessutan ein oversikt over gebyra til kommunen for plan- og byggesaker dei fem siste åra og ei samanlikning mot nabokommunar for det siste året.[2]

## 1.2 REVISJONSKRITERIUM OG METODE

Revisjonskriteria er krav eller forventningar som vert brukt for å vurdere funna i undersøkingane.

I dette prosjektet er følgjande kriterium nytta:

- Plan- og bygningslova med forskrifter
- Kommuneplanen (arealdelen med føresegner og retningslinjer)
- Direktoratet for byggkvalitet: Rettleiing om byggesak (tilsyn)

Metodisk er det nytta intervju, dokumentgransking og samanlikningar ut frå KOSTRA. Ein nærare omtale av kriterium, metode og kjeldetilvisningar ligg i vedlegg til rapporten. Den samla vurderinga vår er at metodebruk og kjeldetilfang har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag til å svare på formåla til prosjektet og dei problemstillingar kontrollutvalet vedtok.

[1]. Både handsaming av plan- og byggesaker er tatt med. Private reguleringsforslag skyldast ønske om utbygging.
[2] Det er mange gebyrsatsar når det gjeld plan- og byggesaker. Vi har brukt gebyrsatsar i KOSTRA (2013). KOSTRA tar med dei vanlegste gebyrsatsane som brukast i kommunane. Samanlikninga er derfor ikkje fullstendig.

# 2 FAKTA OG VURDERINGAR

## 2.1 ORGANISERINGA AV PLAN- OG BYGGESAKER

### PLANBEGREPA I PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Den nye plan- og bygningslova har nå verka i ein del år.[3] Det vart der innført nye planbegrep: Områderegulering og detaljregulering (ved område/detaljplan). Områdeplan er meint å vere kommunen sin planreiskap for meir detaljerte områdevise avklaringar av arealbruken. Dette er ei oppgåve der kommunen sjølv i utgangspunktet tar seg av alle delar av planprosessen. Dei aller fleste detaljplanar fremmast av andre enn kommunen, som regel private utbyggarar/forslagsstillare. Reguleringsforslaget skal innhaldsmessig vere i tråd med kommuneplan, kommunedelplan eller områdeplan. Suldal kommune nyttar verken kommunedelplan eller områdeplan.

**Kommunen har følgjande organisering av plan- og byggesaker:**

**Figur 1 Kommunen sin organisering av plan- og byggesaker**




Sakshandsamarar har delte stillingar. Bygdeutvikling tar seg av arealdelen i kommuneplanen, mens kommunalsjef plan tar seg av samfunnsdelen og han har dessutan overordna ansvar for kommuneplanen (på rådmannsnivå).

### BEMANNING – KOMPETANSE OG KAPASITET

Det er to sakshandsamarar ved tenesteområde Bygdeutvikling som handsamar reguleringssaker. Desse sakshandsamarane har andre arbeidsområde i tillegg. Den eine har mellomfag i geografi og hovudfag i økologi, den andre har høgskuleutdanning i

[3] Plandelen kom i kraft frå 01.07.09, medan byggesaksdelen kom i kraft frå 01.07.10.

plan/miljø og ein del juridiske fag. Dei har og andre oppgåver til dømes innafor natur/miljø. I tillegg er GIS-ansvarleg involvert i plansakene.[4]

Det er ein person som arbeider med byggesaker på heiltid, hans formelle utdanning er innafor skogbruk. Elles er det to eigne konsulentar som gjennom praksis og kurs har tileigna seg kunnskap slik at dei er byggesakshandsamarar i tillegg til andre oppgåver.

Rogaland Revisjon hadde i 2014 eit forvaltningsrevisjonsprosjekt i Suldal kommune om arbeidsgjevarrolla. Her går det fram:

*«Kommunen får i det alt vesentlege dekka den kompetansen det er behov for, men nokre grupper er vanskelege å tilsetje. Dette gjeld særleg dei med høgskuleutdanning som ingeniørar, lærarar, førskulelærarar og legar.»*

Situasjonen er nok den same i 2015, men det kan vere naturleg å peike på at kommunen har mange eldre arbeidstakarar slik at rekrutteringsproblema kan auke seinare.

Når det gjeld kompetanseplan for dei som arbeider med plan- og byggesaker har kommunen ikkje eigen plan for dette. Sakshandsamarane deltar på korte kurs og arrangement kommunen (tenesta) finn aktuelle. Suldal kommune har eit aktivt arbeidsmiljøutval (AMU) som stiller utdanningsmidlar til disposisjon, slik at det er råd å ta den opplæringa ein finn påkravd.

Kommunen meiner at dei har ein god kompetanse ved plansaker (både fag- og realkompetanse). Det same gjeld realkompetanse ved byggesaker, men det kunne her vore noko meir fagkompetanse (til dømes arkitekt og ingeniør). Den manglande fagkompetansen kan til tider vere krevjande i sakshandsaminga. Kommunen meiner dessutan at det ikkje er noko særskilt problem med kapasiteten verken for plan- eller byggesaker, men at lengre sjukefråvær til tider kan gi for lang tid på sakshandsaminga for byggesaker. Plansaker (kommuneplanen) er til ein viss grad avhengig av hjelp frå konsulentar (sjå rammeavtalen omtalt i punkt 2.2).

**Vurderingar av kompetanse og kapasitet**

Kommunen sin kompetanse på områda synast stort sett å vere tilfredsstillande, sjølv om ein innanfor byggesak gjerne kunne hatt meir fagkompetanse (t.d. arkitekt eller ingeniør).

Når det gjeld kapasitet  ser vi at kommunen har slitt med ein relativt stor del byggesaker som har overskride dei lovmessige tidsfristane. Det går elles fram at kommunen har nedprioritert tilsyn pga. manglande kapasitet og kompetanse på akkurat det området. På plansida kjøper ein seg noko kompetanse og kapasitet med konsulenttenester.

[4] Dette gjeld sal av kartdata til planleggarar, sjekk av kartdata/SOSI-data ved innlevering av reguleringsforslag og seinare, endring av kart ved mindre reguleringsendringar og etablering og vedlikehald av elektronisk planregister.

### Smartkommune-prosjektet

Kommunen er med på «Smartkommune-prosjektet» i regi av Greater Stavanger.[5] Formålet med dette prosjektet er einsarta rutinar for plan- og byggesaker for alle medlemskommunane. Suldal er med på alle tiltaka/løysningane, men alt er enno ikkje tatt i bruk. Ein del av prosjektet er samordning av sakshandsamingsprosedyrar og utarbeiding av felles malar for handsaming av plansaker, vesentleg for at planfirma skal møta dei same krava i ulike kommunar. Det er nyleg utarbeidt felles startpakke/kravspesifikasjonar for innlevering av planar, sjekkliste for planbeskrivingar og felles oppsett for reguleringsføresegner. Vi har tatt med dette i vedlegg. Samordning av sakshandsamingsprosedyrar og utarbeiding av felles malar for handsaming av byggesaker er under arbeid (her er det nokon andre kommunar som er pilotkommunar).

Kommunestyret har vedtatt utmelding av Greater Stavanger frå 2016. Det er da mogleg at dette også vil omfatte Smartkommune-prosjektet. Vi har i vedlegg tatt med eit utdrag av saka og rådmannen si vurdering av å gå ut av samarbeidet.

## 2.2 Arealplanlegging (kommuneplanen mv.)

### Status for gjeldande kommuneplan 2009-2020

Kommunen har berre kommuneplanen som overordna arealplan. Kommunen sitt areal er i all hovudsak regulerte i kommuneplanen. Det er einskilde område som er kvite (bandlagte etter lov om naturvern og uregulerte område som seinare skal regulerast etter plan- og bygningslova). Det er føresegner og retningslinjer[6] for byggeområde (bustader, næring og hytter), LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde), område for råstoffutvinning, bandlagde område (friluftsliv, naturvern eller drikkevassforsyning), bruk og vern av sjø og vassdrag, og viktige ledd i kommunikasjonssystemet (riks- og fylkesvegar). Dei ulike områda er vist med eigne fargar og teikn i arealkartet.

### Ny kommuneplan 2014-2025(høyring)

Kommunen sendte i juni 2014 ny kommuneplan på høyring. Den nye kommuneplanen skal etter planen opp i kommunestyret før sommarferien 2015. Det kom ein del motsegner frå fylkesmannen og fylkeskommunen.[7] Vi har omtalt dette i punkt 2.4.

Vi tar vidare med ein del informasjon frå kommunen sin planstrategi og planprogram[8]. Dette er tatt frå kommunen sine eigne dokument.

[5] Greater Stavanger Economic Development AS.
[6] Føresegner er rettsleg bindande (dei gjeld som påbod). Retningslinjer er ikkje rettsleg bindande.
[7] Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikkje påklagast, men det kan kome motsegner frå fylkesmannen og andre overordna organ.
[8] Planstrategi 2012-2016 og planprogram for kommuneplanen 2014-2025.

## RAMMEAVTALE MED KON-SUL AS

Til hjelp med kommuneplanen vert det nytta eksterne konsulentar ut frå rammeavtale. Kommunen har rammeavtale med Kon-Sul AS.[9] Konsulentane skal ta toppane i kommunen sitt eige planarbeid (som når dei er midt inne i ein ny kommuneplan). Det er berre Kon-Sul AS som er brukt så langt. Dette fungerer godt for kommunen. Kon-Sul AS har god lokal kunnskap. Dei leverer til dømes dei fleste private reguleringsforslag.

**Vurderingar av rammeavtalen**

Rammeavtalen kommunen har med Kon-Sul AS gjeld prosjektadministrative tenester etc. Den har ikkje med arbeid med arealplanar. Kommunen seier at dette var ein forgløyming i sjølve teksten i konkurransegrunnlaget/rammeavtalen og at det heile tida var meininga at rammeavtalen også skulle omfatte slikt arbeid. Teksten i rammeavtalen er dermed ikkje korrekt. Når det vert aktuelt med ny avtale, må dette punktet rettas opp.

## PLANSTRATEGIEN (KOMMUNEPLANEN OG REGULERINGSPLANAR)

I den kommunale planstrategien[10], som vert utarbeidt i byrjinga av kvar kommunestyreperiode vert behovet for nye planar eller endring/opphøyr av gjeldande planar vurdert.

**Kommuneplanen**

Gjeldande arealkart erstattast med nytt i samsvar med nye lovreglar. Det er relativt lite behov for reelle endringar i innhaldet av arealkartet.

**Reguleringsplanar (detaljplanar)**

Det meste av kommunen sitt planarbeid er handsaming av private reguleringsforslag, og det vil det venteleg også vere i komande planperiode. Kommunen sjølv står for tre reguleringsplanar (detaljplanar).[11]

I planstrategien tas det og med at kommunen har mange gjeldande reguleringsplanar (om lag 225 pr. mai 2012). Dei eldste er frå slutten av 1960-talet, og fleire er lite tidsmessige, særleg grunna ufullstendige og utdaterte føresegner og dårlege kart. Planstrategien seier at det må vurderast om nokre av desse skal opphevast eller reviderast med nye føresegner. Dette må i så fall avgrensast til planar som er aktive, dvs. at det jamleg er byggesaker mv., ettersom det er eit omfattande arbeid å få oppheva/revidert ein eksisterande plan.

---

[9] Rammeavtale frå januar 2012.

[10] Plandelen i den nye plan – og bygningslova, som vart satt i verk 01.07.09, inneheld nye føresegner som kommunen må følgje i planarbeidet sitt. Lova § 10 seier at kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode skal utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien skal omfatta kommunen sine strategiske val knytt til utviklinga av kommunen. Det gjeld både langsiktig arealbruk, tenesteområda sin aktivitet og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. Planstrategien har ingen rettsverknad og er ikkje formelt bindande for kommunen. Den kan reviderast etter behov innafor valperioden. Synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar skal innhentast, men det finst ingen rett til motsegn for desse.

[11] Dette er Kammen bustadfelt på Sand, Sand sentrum og nye byggeområde (bustad Erfjord og næring Sand).

**Status for dette arbeidet**

Kommunen har enno ikkje gjort noko med dei mange gamle reguleringsplanane med utdaterte føresegner, men det er liten aktivitet der (nye byggesaker). Gamle reguleringsplanar vert stort sett vidareført i kommuneplanprosessen som nå er i sluttfasen. Kommunen legg opp til ein gjennomgang av dei mest utdaterte planane i planperioden.

## PLANPROGRAMMET

Det går fram av planprogrammet at gjeldande arealkart for det meste kan vidareførast. Dette er da i tråd med planstrategien.

**Organisering av planarbeidet (arealplanen)**

Formannskapet fungerer som kommuneplanutval og styringsgruppe for kommuneplanarbeidet. Kommunestyret skal legge planprogrammet ut til offentleg ettersyn, fastsetja planprogrammet, legge planframlegget ut til offentleg ettersyn samt vedta (slutthandsama) kommuneplanen. LMT-utvalet[12] får etter praksis frå dei siste kommuneplanrevisjonane ansvar for utarbeiding av arealdelen. Tenesteområdet Bygdeutvikling koordinerer og utarbeidar arealdelen.

## DEI STØRSTE ENDRINGANE I NY KOMMUNEPLAN

Når det gjeld arealbruk er dei største endringane nye bustadområde både i kommunesenteret Sand, og grendesentera Suldalsosen og Erfjord. Det er og nytt at kommunen ved denne revisjonen ikkje legg ut nye områder for fritidshus. Årsaka til det er at det er store unytta areal i eksisterande planar.

**Følgjande framdriftsplan nyttast av kommunen:**

| **Tabell 1 Kommunen sin framdriftsplan for kommuneplanen (saksgangen, utan datoar)** |
|---|
| • Vedtak framlegg til planprogram i kommunestyret<br>• Utlegging av framlegg til planprogram til offentleg ettersyn<br>• Møte med overordna samhandlingsorgan<br>• Fastsetjing av kommunalt planprogram i kommunestyret<br>• Utarbeiding av planframlegg – etter fastsett planprogram<br>• Varsling av vedteke planprogram og informasjon om det vidare kommuneplanarbeidet<br>• Frist for å koma med innspel til kommuneplanen<br>• Internt arbeid<br>• Felles møte med grendeutvala<br>• Møte i grendene ev. folkemøte<br>• Møte med offentlege myndigheiter<br>• Møte med andre, grunneigarar<br>• Konsekvensutgreiingar areal – overordna ROS-analyse<br>• Utlegging av framlegg til kommuneplan – januar 2014<br>• Bearbeiding etter offentleg ettersyn<br>• Politisk slutthandsaming /eigengodkjenning av revidert kommuneplan |

[12] LMT står for kommunen sitt politiske utval for landbruk, miljø og teknikk.

**Vurderingar av kommuneplanen og arbeidet med ny kommuneplan**
Vi finn kommunen sine arealplanar oppdaterte og tydelege nok for ein effektiv handsaming av byggesaker. Vi har ingen merknader til kommunen sin status for arealdelen i gjeldande kommuneplan og arbeidet med arealdelen i ny kommuneplan.

## 2.3 HANDSAMING AV PLAN- OG BYGGESAKER

Saksflyt for reguleringsplanar (detaljreguleringar) og byggesaker følgjer stort sett av plan- og bygningslova med forskrifter.[13] Tidsfristar i sakshandsaminga og effekten av desse tar vi opp for seg i punkt 2.5.

*Dersom vi har merknader til handsaminga av plan- og byggesaker, har vi kommentert/vurdert dette nærare. Dette gjeld ikkje andre tilhøve.*

### INFORMASJONEN PÅ KOMMUNEN SINE NETTSIDER

**Plansaker**
På kommunen sine nettsider kan ein henta fram informasjon om plansaker (kommuneplanen og reguleringsplanar). Det er lenkjer til planregisteret (tre kartportalar).

- SMART portalen[14] - er ein kartportal som gir brukaren fleire moglegheiter til mellom anna å legge eigne illustrasjonar inn i kartet.
- Enkel kartportal med planregister - er ein enkel kartportal som gir brukaren lett tilgang til kartdata og informasjon om reguleringsplanar. Det er kopling mellom denne portalen og SMART portalen.
- Temakartportalen - er ein kartportal som vert drifta av fylkesmannen.

I planregisteret kan brukarane finna oppdaterte kart/føresegner/endringar for alle reguleringsplanar. Det er nyleg utarbeidt system for plandialog i websak der brukaren kan følgje planprosessen og gi innspel direkte i ei web-løysing. Suldal kommune har enno ikkje tatt dette i bruk.

**Byggesaker**
På kommunen sine nettsider er det vidare informasjon om byggesaker. Ved søknad om byggeløyve er det forskjellige tiltakskategoriar. Dette er tiltak som ikkje krev melding eller søknad, meldingssaker og tiltak som krev søknad.[15]

[13] Tenesteområdet Bygdeutvikling har så langt ikkje kjøpt konsulenttenester til hjelp i planarbeidet. Kommunen vil elles ikkje bruke konsulentar til sjølve handsaminga av plan- og byggesaker.
[14] Smartportalen for plan- og byggesaker er ein innsynsløysing som sikrar lik geografisk informasjon på tvers av kommunegrensa (for dei kommunar som er med må Smartkommune-prosjektet).
[15] Ordninga med meldingssaker er oppheva og dei tidlegare meldingssakene er omgjort til søknadspliktige tiltak. Dette heiter no tiltak som krev søknad og løyve og som kan forvaltast av tiltakshavar (utan ansvarsrett). Tiltakshavar er den person/føretak tiltaket vert utført på vegne av. Den gamle språkbruken heng nok likevel igjen i kommunane.

På kommunen sine nettsider er det lenkje til Direktoratet for byggkvalitet (DFB) og ByggSøk under byggesøknader.

Det er her også lenkjer til aktuelle skjema[16] som:

- Søknad om tillatelse til tiltak
- Søknad om tillatelse til tiltak (uten ansvarsrett)
- Søknad om ansvarsrett
- Søknad om ferdigattest
- Tiltakets ytre rammer
- Dokumentasjon av nabovarsel

**Vurderingar av informasjonen på kommunen sine nettsider**
Planregisteret er ikkje særleg synleg på nettsidene til kommunen. Brukaren må sjølv vite at dette finst for å søkje det fram. Kommunen har - saman med Sauda - satt i gang arbeid med å få flytta fram planregisteret (kartportalane). Planregistret skal da framstå tydeleg for brukarane.

## INFORMASJON OM BYGGSØK (DETTE GJELD NÅ BERRE BYGGESAKER)

ByggSøk skal bidra til å fremje meir effektive prosessar i byggesaksarbeidet ved å leggje til rette for elektroniske tenester på internett. Systemet kan brukast av alle som skal søkje om byggeløyve. ByggSøk er eigd av Staten og vert drifta av Direktoratet for byggkvalitet (DFB).

Tidlegare var det også ByggSøk for plansaker. DFB stengte denne tenesta 01.07.13.[17] ByggSøk for plansaker vart i liten grad brukt av kommunane. Det vart gjerne vist til at dette hadde liten nytteverdi for brukarane og kommunen. For byggesaker er situasjonen annleis. ByggSøk vert mykje brukt av firma (føretak) ved søknadspliktige tiltak. Det er stort sett berre firma (fagpersonar) som i dag er søkjarar ved byggesaker[18] som ansvarlege søkjarar.

**Bruken av ByggSøk (Suldal kommune)**
Kommunen mottar dei aller fleste byggesøknader på papir. Desse skannast inn. I Suldal er det stort sett små byggefirma og privatpersonar som kjem med byggesøknader. Dei bruker normalt ikkje elektroniske byggesøknader. ByggSøk har derfor så langt ikkje medført nokon særleg effektivitetsgevinst for kommunen. Brukarane sine moglegheiter til å hente ut informasjon og skjema frå kommunen sine nettsider, herunder lenkja til ByggSøk, gir likevel ein viss redusert tidsbruk. Det vil elles uansett vere vanleg sakshandsaming.

[16] Sjølve skjemaa er på bokmål. Lenkjene er dermed også på bokmål.
[17] Miljøverndepartementet stoppa finansiering av oppgradering og vidareutvikling av ByggSøk for plansaker i 2010. DFB la i juni 2012 kjeldekoden ope ut på heimesidene, men ingen aktørar var interessert i å vidareutvikle og drifta systemet.
[18] Det som i dag kallast søknader om tiltak (med ansvarsrett).

**Vurderingar av bruken av ByggSøk (Suldal kommune)**

Mange byggesøknader må leverast av byggefirma (som ansvarlege søkjarar). Kommunen vil kunne oppnå ein effektivitetsgevinst dersom desse i større grad bruker dei elektroniske løysningane for byggesaker i ByggSøk.

**Tilråding**

- Kommunen bør vurdere tiltak for om mogleg få fleire byggefirma til å levere elektroniske byggesøknader. Dette kan gjerne vere eit samarbeid med nabokommunane.

## PLANSAKER (REGULERINGSPLANAR/DETALJREGULERINGAR)

### Normal rutine/saksflyt ved private reguleringsforslag (detaljreguleringar)

| **Tabell 2 Normal rutine/saksflyt ved private reguleringsforslag (detaljreguleringar)** |
|---|
| • Det vert halde oppstartsmøte etter at forslagsstillar tar initiativ til ny reguleringsplan. Referat vert vanlegvis skrive av forslagsstillar. Vanlege tema er plan-namn og -id; avgrensing; kunngjering av varsel; formål; allmenne interesser og behov for registreringar; KU, ROS-analyse mv.<br>• Planen med plan-id vert lagt inn i eit excel-ark der alle pågåande planar ligg og der ein heile tida kan oppdatera status for den aktuelle planen. Dette skjemaet vert nytta som informasjon til LMT-utvalet og andre om framdrifta.<br>• Kommunen syter for at varsel om oppstart vert lagt ut på heimesida. Planleggar syter for annonsering i Suldalsposten. Merknader til varsel vert sendt planleggar og oppsummert i planskildringa.<br>• Ved mottak av planen vert sak tildelt ein av sakshandsamarane. GIS-ansvarleg kontrollerer kart og det vert elles kontrollert at reguleringsforslaget inneheld nødvendig dokumentasjon.<br>• Planen vert vanlegvis tatt opp til 1. gongs handsaming i LMT-utvalet i første LMT-møte dersom planmateriellet er tilstrekkeleg.<br>• Det vert vanlegvis gitt ca. 2 månaders høyringsfrist. Lova krev 6 veker, men erfarings messig vil fylkesmannen og andre be om forlenga frist. Der høyringa strekker seg over sommar/juleferie, vert høyringstida forlenga. Det vert sendt brev om høyringa til alle berømte partar. Plandokument vert vanlegvis ikkje sendt høyringspartane, men ein viser til tilgang på nett og høve til å få papirversjon ved å venda seg til kommunen.<br>• Etter utløp av høyringsfristen vert merknadene gjennomgått og oppsummert (i saka til 2. gongs handsaming). Ved motsegner vert det i nokre tilfelle tatt kontakt med motsegnspart for dialog og mogleg fråfall av motsegn. Der det er aktuelt med vesentlege endringar av reguleringsforslaget, vert forslagsstillar orientert, elles er det vanleg at forslagsstillar ikkje vert involvert anna enn som kopi-part under handsaminga.<br>• Etter 2. gongs handsaming i LMT-utval og kommunestyre vert melding om vedtak av planen og klagetilhøve sendt til partane og annonsert i Suldalsposten og på nett.<br>• Vedtak av planen vert også meldt planleggar som utarbeider ferdig kart og føresegner.<br>• Vedtatt plan vert lagt inn i planregister (også planar under handsaming ligg her, som eige tema) og innsynsverktøy (kart).<br>• Ev. handsaming av klager.<br>• Eit eksemplar vert lagt til ekspedisjonen som grunnlag for fakturering (etterskotsbetaling).[19] |

Talet på reguleringssaker/dispensasjonssøknader/klager er i Suldal kommune så vidt lågt at det ikkje er eit stort behov for elektroniske hjelpemiddel for å følgje saksflyt og å halda tidsfristar. I perioden 2005-13 er det vedtatt 55 nye reguleringsplanar, årleg mellom 2 og 13. I tillegg er det handsama ca. 60 reguleringsendringar i same periode. I tillegg kjem handsaming av klager og nokre få reguleringsplanar som ikkje kjem i mål med endeleg vedtak. Talet på reguleringssaker heng for ei stor del saman med at det vert lagt inn nye byggeområde ved revisjon av kommuneplanen kvart 4. år.

[19] Unntaksvis kan det vere forskotsbetaling (store reguleringsplanar).

Tettare utbygging og auka krav til infrastruktur gjer at kravet til kvalitet hjå planleggarane er aukande. Manglande kvalitet på planane fører til fleire dispensasjonssaker. Kommunen opplever at sjølv store, anerkjende planfirma leverer planar som ikkje held god nok standard.

Kommunen har brukt mykje tid på å gi opplysningar om reguleringsstatus til brukarane. Dette vert enklare når bruken av planregisteret set seg. Planregisteret vart tatt i bruk for ca. ½ år sidan.

## BYGGESAKER

**Rutine for handsaming av tiltak etter plan- og bygningslova**

Mottak av søknad vert registrert av Servicetorget og fordelt til bygdeutviklingssjefen i websak. Bygdeutviklingssjefen fordeler mottatte saker til sine sakshandsamarar.

**Tabell 3 Rutine for handsaming av tiltak etter plan- og bygingslova**

**Sakshandsamar:**
- Må straks sjekke om søknaden inneheld nok opplysningar for å verte handsama. Viss ikkje må sakshandsamar kontakta tiltakshavar (søkjar/ansvarleg søkjar)[20] for å få inn desse opplysningane.
- Når saka er komplett, vurdere tiltaket opp mot gjeldande planar: Reguleringsplan, kommuneplan, andre planar.
- Sjekke om naboar er varsla og om det er merknader.
- Vurdere om saka skal på høyring hjå andre, dette kan vere fylkesmannen og/eller fylkeskommunen, statens vegvesen, arbeidstilsynet, vegansvarleg i kommunen t.d.
- Ved dispensasjonssaker - sjekke tidlegare praksis i området.
- Vurdere om saka skal handsamast som fullmaktssak eller politisk handsaming.
- Vurdere om vatn/avløp er i orden eller om det må søkjast om dette, anten kommunal tilkobling eller søknad om privat utslepp.

**Ved fullmaktssak:[21]**
- Skriv vedtak etter gjeldande regelverk i PBL[22], skriv partsbrev og legg til bygdeutviklingssjefen for godkjenning og underskrift. Bygdeutviklingssjefen legg denne til ekspedering og utsending i ekspedisjonen. Vedtaket vert sendt ut med kopi til tiltakshavar (søkjar/ansvarleg søkjar), matrikkelansvarleg, Kommunale Bygg og Eigedommar, Ryfylke Miljøverk osv.
- Klagerett går fram av mal for fullmaktsvedtak og partsbrev.
- Eit eksemplar vert lagt til ekspedisjonen som grunnlag for fakturering (etterskotsbetaling).

**Ved saker til politisk handsaming:**
- Førebu saka etter mal for saker til politisk handsaming. Legg saka til bygdeutviklingssjefen. Viss ingen merknader går saka vidare til rådmann for godkjenning og utsending ved innkalling til politisk møte.
- Etterarbeid med utsending av vedtak til partane etter at møtet er ferdig. Kopier osv. som ved fullmaktssaker.
- Eit eksemplar vert lagt til ekspedisjonen som grunnlag for fakturering (etterskotsbetaling).

[20] Tiltakshavar, fellesnemning på den einskilde personen, institusjonen, organisasjonen eller føretaket som tiltaket vert utført på vegne av (byggherren), eller som står for gjennomføringa av tiltaket.
[21] Dette gjeld når byggesaken er i tråd med kommunen sin arealplan for området.
[22] PBL står for plan- og bygningslova.

### Brukarundersøkingar av byggesaker (2013)[23]

Kommunen har hatt brukarundersøking av byggesaker to gonger (2011 og 2013). Begge gonger med svært godt resultat for kommunen. Både firma og privatpersonar var omfatta. Det er også planlagt ein brukarundersøking i 2015.

Det er ikkje utarbeidt nokon rapport i samband med brukarundersøkingane, men resultata vert presentert for LMT (som orienteringssak). Det er elles til vanleg råd å ta ut mange rapportar og statistikkar i Excel.

Resultat frå brukarundersøkinga av byggesaker (2013)

**Tabell 4 Resultat frå bruarundersøkinga byggesaker (2013)**

| | **Suldal** | **Norge** | **Høyest** | **Lavest** |
|---|---|---|---|---|
| Resultat for brukerne | 5,0 | 4,3 | 5,3 | 2,9 |
| Respektfull behandling | 5,6 | 4,9 | 5,6 | 4,0 |
| Pålitelighet | 5,2 | 4,5 | 5,4 | 3,4 |
| Tilgjengelighet | 5,5 | 4,3 | 5,5 | 3,2 |
| Informasjon | 4,9 | 4,2 | 5,3 | 3,1 |
| Helhetsvurdering | 5,0 | 4,4 | 5,5 | 3,1 |
| **Snitt totalt** | 5,2 | 4,4 | 5,4 | 3,3 |

Forklaringar: Norge er gjennomsnittet for 23 einingar/kommunar. Høgast og lågast viser beste og dårligaste score i dei einskilde einingar/kommunar.

## TILSYN (DETTE GJELD BERRE BYGGESAKER)

### Rutine for handsaming av ulovlege tiltak

Kommunen ser på oppfølging av ulovlege tiltak og sjekk av søknadene som ei form for tilsyn. Det har ikkje vore tilfeldige tilsyn ute på byggeplassane til nå.

**Tabell 5 Rutine for handsaming av ulovlege tiltak**

Etter at kommunen mottar melding om ulovleg tiltak (eller oppdagar sjølv):

- Tilskrive eigar av eigedommen der det ulovlege tiltaket er registrert og be om tilbakemelding med svarfrist 2 veker.
- I brevet må kommunen gjere merksam på alternative løysingar, dvs. anten riving av det ulovleg oppførte bygget/tiltaket, eller søkje om løyve i etterkant.
- Følgje opp dersom det ikkje vert reaksjon på brevet, dvs. purre på svar og orientera om at kommunen kan nytta tvangsmulkt/dagbøter, jf. § 32 i PBL.
- Vurdere om synfaring er naudsynt.
- Ved søknad om løyve i etterkant: Handsame søknaden som vanleg, jf. rutine for handsaming av tiltak etter plan- og bygningslova.
- Dersom avslag på søknad: Følgje opp at tiltaket vert fjerna (gi frist, be om tilbakemelding når oppdraget er utført, avslutta med synfaring).
- Vurdere «overtredelsesgebyr» i tillegg til vanleg gebyr.

[23] Det er KS ved bedrekommune.no har stått for brukarundersøkingane. Vi har i vedlegg tatt med ein del informasjon om kva dette går ut på. Det har ikkje vore brukarundersøkingar når det gjeld plansaker. Det er berre 4 forslagsstillare i kommunen og det er såleis ikkje aktuelt med ordinære brukarundersøkingar.

**Kommentarar til tilsyn**
Kommunen si plikt til å ha tilsyn følgjer av kapittel 15 i plan- og bygningslova. Tilsyn er kommunen sitt verkemiddel for å følgje opp byggesaker med omsyn til lovlegheit, kvalitet, prosess og føretak.

Direktoratet for byggkvalitet (DFB) har utarbeidt ein rettleiar om tilsyn.

Det står her følgjande innleiingsvis:
*Kommunen har en plikt til å føre tilsyn med byggetiltakene og skal ha en strategi for gjennomføringen av dette tilsynet. Kommunen bestemmer selv hvordan tilsynsvirksomheten organiseres og hva som er målet for kommunen, men hva som skal være innholdet i strategien fremgår av bestemmelsen. Årlig skal kommunen utarbeide en rapport som oppsummerer tilsynsvirksomheten og aktiviteten i forhold til strategien for året som er gått.*

Kommunen har likevel nedprioritert tilsyn. Dei har derfor ikkje nokon særskilt tilsynsstrategi. Bygdeutvikling seier at dei sjølv ikkje har den nødvendige kapasitet og kompetanse på området.

**Tilråding**
- Kommunen bør utarbeide ein tilsynsstrategi og auka talet på tilsyn. Dette kan gjerast i samarbeid med nabokommunane.

## KLAGESAKER (DETTE GJELD BÅDE PLAN- OG BYGGESAKER)[24]

### Rutine for handsaming av klagesaker

| **Tabell 6 Rutine for handsaming av klagesaker** |
|---|
| Mottatt klage vert registrert i websak på postmottak og fordelt til bygdeutviklingssjefen. Bygdeutviklingssjefen fordeler saka vidare til sakshandsamar for den aktuelle saka.<br><br>**Sakshandsamar:**<br>• Sjå etter at klagen inneheld naudsynte opplysningar. Dersom manglar, ta kontakt for meir informasjon<br>• Er klagen kome til rett tid?<br>• Har klagaren klagerett, dvs. er han part i saka?<br>• Dersom det er fleire klagarar, må kopi av andres klage sendast desse til uttale med svarfrist, ca. 14 dagar.<br>• Dersom klage er frå nabo, må sakshandsamar ta stilling til om klagen skal få oppsetjande verknad. I slike tilfelle må tiltakshavar gjerast merksam på at eventuell oppstart skjer på eige ansvar til saka er avgjort.<br>• Når alt er på plass, melde opp saka til første LMT-møte for politisk handsaming.<br>• Førebu sak - dvs. skrive saksutgreiing.<br>• Klagen kan føra til forslag til omgjering av vedtak eller ein kan stå fast på tidlegare vedtak dersom klagar ikkje har kome med vektige nok grunnar for omgjering.<br>• Saka vert levert bygdeutviklingssjefen for gjennomsyn.<br>• Bygdeutviklingssjefen signerer og sender saka vidare til rådmann.<br><br>**Etter politisk handsaming:**<br>• Sørgja for utsending av partsbrev og ev. vidaresende saka til fylkesmannen for vidare handsaming.<br>• Dersom saka er avgjort, sende nødvendige kopier til matrikkelførar, oppmålingsavdeling, Kommunale Bygg og Eigedommar, Ryfylke Miljøverk osv. |

Dei seinare åra har talet på klagesaker auka. Terskelen for å klaga på saker synast å vere lågare og fleire nyttar advokat. Den delen av tida som går med til klagesaker er aukande.

## ETIKK OG HABILITET

Kommunen har vedtatt etiske retningslinjer (siste versjon er frå 18.06.13) som også gjeld dei som arbeider med plan- og byggesaker. Dette vil da omfatte etikk, service og likehandsaming. Bygdeutvikling følgjer dessutan habilitetsreglane i forvaltningslova, slik at sakshandsamarane kan bytte saker ved slektskap osv. Suldal er elles ein liten kommune og det vil gjerne kome inn saker som gjeld kjente til sakshandsamarane.

[24] Klager gjeld både plan- og byggesaker. Ein byggesak kan samstundes vere ein plansak (søknad om dispensasjon e.l.). Kommunestyret sitt endelege vedtak om reguleringsplan kan også påklagast.

## 2.4 Samspelet med fylkesmannen og andre overordna organ

Kommunen/rådmannen seier at det er eit godt samarbeid med fylkesmannen (Fylkesmannen i Rogaland) og andre overordna organ. Andre overordna organ i denne samanheng er særleg Rogaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Kystdirektoratet.

### Kommuneplanen (ny kommuneplan 2014-2025)

Konfliktnivået mellom kommunen og fylkesmannen har tradisjonelt vore høgare enn tilfellet har vore med fylkeskommunen. I revisjonen av kommuneplanen er det motsegnene frå administrasjonen i fylkeskommunen som har skapt dei største overskriftene og dei mest frustrerte lokalpolitikarane.[25]

**Fylkesmannen** meiner at Suldal kommune har laga ein framifrå kommuneplan med god samanheng mellom samfunnsdel og arealdel:[26]

*Suldal kommune har laga ein god kommuneplan med gjennomgåande samanheng mellom samfunnsdel og arealdel. Kommunen har også utarbeidt ein god kystsoneanalyse som gir eit betre kunnskapsgrunnlag for å handsame søknader i strandsona. Storparten av dei nye bustad- og næringsområda i planen, er lokalisert til område som ikkje kjem i konflikt med viktige arealbruksinteresser. Storparten av dei nye bustad- og næringsområda i planen, er lokalisert til område som ikkje kjem i konflikt med viktige arealbruksinteresser. Fylkesmannen støttar kommunen i at det vert lagt ut større bustadområde i Erfjord og Suldalsosen. Desse kan dekke behovet for mange tiår framover. Ut frå areal- og transportomsyn, jordvern og andre regionale og nasjonale miljøinteresser, har Fylkesmannen motsegn til bustadområda Oslehamrane, Erøy, Hammaren og Nesflaten, næringsområdet ved Tysingvatnet og råstoffutvinningsområdet på Nerheim. Vi har i vedlegg tatt med fylkesmannen sine motsegner og faglege råd.*[27]

**Fylkeskommunen (fylkesutvalet)** *meiner at forslag til revidert kommuneplan gir eit godt bilete av dei måla og utfordringar som Suldal kommune står overfor. Plandokumenta, både samfunnsdelen og arealdelen, fremstår som planfaglig gode produkt. Fylkeskommunen kjem likevel med ein rekke motsegner. Vi har i vedlegg tatt med fylkeskommunen sitt vedtak i denne saka.*

**Status- Mekling med fylkesmannen og fylkeskommunen**

Motsegner frå fylkesmannen og fylkeskommunen går til mekling mellom partane. Dette skjer ved dialog (meklingsmøter/kontaktmøter). Departementet har siste ord dersom partane ikkje vert einige.

Fylkesmannen har i hovudsak trekt motsegnene (som det heller ikkje var mange av denne gongen). Det står att eit punkt som tas opp ved meklingsmøte i januar 2015.

[25] Artikkel i Suldalsposten 24.09.14.
[26] Informasjonen er tatt frå fylkesmannen sine nettsider.
[27] Dette omfattar også Statens vegvesen og Kystdirektoratet.

Kommunen har elles vurdert og vil ta til følgje fleire av dei mange faglege råda som kom frå fylkesmannen.

Fylkeskommunen hadde ein rekke motsegner. Fylkeskommunen ville m.a. at bustadbygginga primært skulle skje i kommunesenteret Sand og ikkje spredt i kommunen. Fylkeskommunen gjekk bort frå denne motsegna etter møte mellom politikarane i Suldal og fylkespolitikarane. I etterkant var det og eit administrativt kontaktmøte der ein kom fram til løysingar for dei andre motsegnene. Kommunen formulerte om kommuneplanen (presiseringar og tolkingar av uklare punkt).

### ANDRE PLAN– OG BYGGESAKER

Fylkesmannen og andre overordna organ skal involverast dersom eit førebels positivt vedtak til kommunen rører ved deira interesseområde. Ved dispensasjonar frå kommuneplanen, spesielt i LNF-område, vil kommunen til dømes ta kontakt med fylkesmannen for avklaring dersom dei vil gi eit positivt vedtak. Dei aktuelle sakene skal sendast fylkesmannen og ev. andre overordna organ til førehandsuttale. Settefylkesmann vil verte oppnemnt til å avgjere klagesaker der fylkesmannen sjølv er klagar (påklaga det positive vedtaket til kommunen). Settefylkesmann vil vere fylkesmannen i eit anna fylke (til dømes fylkesmannen i Vest Agder).

Delegasjonssaker skal ikkje sendast til fylkesmannen da slike saker vert sett på som kurante for endeleg handsaming hjå kommunen. Men dersom private partar klagar på kommunen sine negative vedtak, vil fylkesmannen vere klageinstans for dei private partane etter at kommunen sjølv har avslått klaga.[28] Det same gjeld positive vedtak når andre partar klagar. Alle klagesaker i Suldal kommune handsamast politisk, før sakene går til fylkesmannen som klageinstans.

**Fylkesmannen og andre overordna organ sin involvering i sakene**
Vi tar nedanfor med ein oversikt over saker i LMT i perioden 2009-2014 og fylkesmannen og andre overordna organ sin involvering i desse sakene.

[28] Fylkesmannen har no ei gjennomsnittleg tid på handsaminga under 12 veker for klagesaker etter plan- og bygningslova. For å sikre fortsatt rask og god handsaming har fylkesmannen utarbeidt eit eksempel på oversendingsbrev og sjekkliste som kommunane kan nytte ved oversending av klagesaker til fylkesmannen. Kjelde: Nettsider fylkesmannen.

## SAKER I LMT – OVERSIKT 2009–2014[29]

| Saksnr. | Sak | Område | Førehandsuttale (FM, FK og SV) | Adm. innstilling | LMT | Påklaga FM | Påklaga part | Endeleg vedtak FM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 09/1136 | Ulovleg anneks Foldøy | Landbruk | - | Negativt | Negativt | Oppheva av FM (ny handsaming fleire gonger) | X | Nei |
| 09/639 | Bustad Foldøy Bårdsen | Landbruk | - | Neg. Storleik | Neg. Storleik | | X | Som kommunen |
| 10/1373 | Ulovleg veg Foreneset | «Friluftsområde» | - | Negativt | Negativt | | X | Nei, depart. (etter ja FM) |
| 11/1288 | Brygge Foldøy | Landbruk | FM Pos/Neg/Pos | Positivt | Positivt | | X | Under handsaming |
| 11/545 | Utvendig trapp hytte | Byggeområde | - | Positivt | Positivt | | X | Nei (men seinare ja til dispensasjon) |
| 12/100 | Veg Foreneset | Friluftsområde | - | Negativt | Negativt | | X | Nei |
| 12/1295 | Bustad Skjelstad | Byggeområde | - | Positivt til høgde | Positivt | | X | Ja, på vilkår |
| 12/215 | Frådeling fritidstomt Foldøy | Landbruk | - | Negativt | Negativt | | X | Nei |
| 12/565 | Naust Vidvei | LNF | FM Pos/FK Neg | Positivt | Positivt | | X | Ja |
| 12/679 | Småbåthamn Vidvei | LNF | FM Pos/Neg | Positivt | Positivt | | X | Ja |
| 12/844 | Bygging naust Hebnes | LNF | FM Negativt | Neg/Pos | Positivt | X | | Nei |
| 12/987 | Deling naust | LNF | - | Negativt | Negativt | | X | Ja |
| 13/1145 | Landbruksveg Vidvei | LNF | FM «Negativt» | Positivt | Positivt | | X | Ja |
| 13/413 | Bustadtomter | Landbruk | - | Negativt | Negativt | | X | Nei |
| 13/432 | Deling tillegg tomt | Friområde | - | Negativt | Negativt | | X | Nei |
| 14/495 | Dispensasjon 6-mannsbustad Garaneset | LNF | FM Negativt | Positivt | Positivt | X | | Under handsaming |
| 14/580 | Frådeling tun | LNF | FM Negativt | Neg/Pos | Positivt | X | | Under handsaming |

**Kommentarar til oversikta**

Oversikta viser saker kor det har vore meir eller mindre «støy» mellom kommunen og fylkesmannen.[30] Dette er ikkje så mange saker, men kommunen har mykje arbeid med desse. Det er nesten berre **fylkesmannen** som har vore involvert i sakene. Det einaste **unntaket** er sak 12/565. Påklaga part gjeld både søkjaren (ved negative vedtak) og andre med interesserer i saka (naboar e.a. ved positive vedtak for søkjaren).

*Forklaringar til Pos/Neg/Pos*

- Sak 11/1288: Først positiv uttale, så negativ uttale og til slutt positiv uttale. Saka har drege ut grunna mange handsamingar og klagar. Siste og avsluttande handsaming i kommunen var i september 2014. Klagesaka fekk da oppsetjande verknad. Fylkesmannen har deretter ein frist seks veker, men kommunen har enno ikkje høyrt noko.

[29] FM står for fylkesmannen, FK står fylkeskommunen, medan SV står for Statens vegvesen. LMT står for kommunen sitt politiske utval for landbruk, miljø og teknikk.

[30] Andre saker er saker som har gått til fylkesmannen, men utan at det har vore spørsmål eller reaksjonar der.

- Sak 12/565: Fylkeskommunen seier at naust her ikkje er positivt. I tilfelle ja på søknaden, må det setjast vilkår.
- Sak 12/679: Fylkesmannen er ikkje mot, men fylkesmannen meinte at saka var for dårleg opplyst.
- Sak 13/1145: Fylkesmannen peikar på mangt og mykje som kunne vore betre både når det gjeld plan og søknad.

Vi ser elles at sak 09/1136 til sist fekk same utfallet hjå fylkesmannen som det kommunen stod på (negativt vedtak), og at fylkesmannen sin oppheving av kommunen sitt negative vedtak i sak 10/1373 vart omgjort av departementet (Miljødepartementet).

## 2.5 GEBYR FOR OG TIDSFRISTAR I SAKSHANDSAMINGA

**Heimel for gebyr**
Kommunane har i plan- og bygningslova § 33-1 heimel for å vedta eit regulativ for gebyr som skal dekke kommunen sitt arbeid etter lova.

**Verknaden av overskridne tidsfristar i sakshandsaminga (gebyrtap)**
Tidsfristar i sakshandsaminga står på ulike stader i plan- og bygningslova med forskrifter. Kommunane er pliktige til å betale tilbake gebyr for plan- og byggesaker dersom saksarbeidet overskrid visse tidsfristar. Reglane her har vore i kraft sidan 01.07.04.

Dette gjeld førstegongs handsaminga for private reguleringsforslag (detaljreguleringar) og handsaminga av ordinære byggesøknader (herunder rammeløyver). Fristane for begge desse sakstypane er 12 veker etter at fullt planforslag eller komplett byggesøknad er mottatt. Forseinkingar som skyldast forslagsstillar/søkjar skal ikkje takast med. Fremjast det reguleringsforslag som er i strid med gjeldande arealdel til kommuneplan eller som er særleg kompliserte, har kommunen rett til å avtale ein annan frist. For byggesøknader som er særleg kompliserte eller krev ekstra politisk avklaring og andre spesielle tilhøve, kan kommunen sjølv forlengje tidsfristen. Søkjar/forslagsstillar kan og avtale ein annan frist.

- Plansaker: Kommunen skal ved overskriding av fristen betale tilbake forslagsstillar 10 % av det totale gebyret for kvar påbegynt veke fristen overskridast i inntil 10 veker.
- Byggesaker: Kommunen skal betale tilbake tiltakshavar (søkjar/ansvarleg søkjar) 25 % av det totale byggesaksgebyret for kvar påbegynt veke fristen overskridast.

## UTVIKLINGA I KOMMUNEN OG SAMANLIKNINGAR MED ANDRE KOMMUNAR

Vi har sett på utviklinga i kommunen sine gebyr dei fem siste åra og samanlikna gebyr med andre kommunar for det siste året. Det same gjeld tida på sakshandsaminga. Det er her brukt rapporterte data i KOSTRA.[31]

Suldal samanliknar seg sjølv mest med nabokommunane Hjelmeland og Vindafjord. Vi har derfor samanlikna med Hjelmeland, Vindafjord, men også tatt med Sauda og Forsand.[32]

### Kommunen sine gebyr og sakshandsamingstider mv. 2010-2014

**Tabell 7 Kommunen sine gebyr og sakshandsamingstider mv. 2010-2014 (KOSTRA)**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| Gebyr privat reguleringsplan | 20 000 | 20 600 | 31 000 | 39 270 | ? |
| Gebyr oppføring einebustad | 3 000 | 3 100 | 3 200 | 3 306 | 7210 |
| | | | | | |
| Gj.sn. sakshand.tid reguleringsplanar | 405 | .. | 180 | 585 | ? |
| Gj.sn. sakshand.tid ordinære byggesaker | 27 | 19 | 38 | 39 | 30 |
| Gj.sn. sakshand.tid for enkle tiltak | .. | 27 | 20 | 20 | 16 |
| Byggesaker med overskride frist | 9 % | 8 % | 9 % | 19 % | 7 % |
| | | | | | |
| Talet på reguleringsplanar | 1 | 2 | 0 | .. | |
| Av desse fremja som private forslag | 1 | 2 | .. | .. | |
| Talet på detaljreguleringsplanar | 4 | 15 | 2 | 3 | |
| Av desse fremja som private forslag | 3 | 13 | 2 | 2 | |
| | | | | | |
| Talet på søknader om tiltak (utan ansvarsrett) | 124 | 75 | 80 | 91 | |
| Talet på søknader om tiltak (med ansvarsrett) | 62 | 206 | 187 | 145 | |

Med ordinære byggesøknader meiner vi byggesaker som har ein 12 vekers tidsfrist i lovreglane. Enkle tiltak er byggesaker med 3 vekers tidsfrist i lovreglane.

Vi understrekar elles at KOSTRA samanlikningane kan innehalde faktiske feil og at kommunane kan ha ulike måtar å registrere data på. I tillegg er også oppbygginga av gebyrregulativa noko ulik. Når det gjeld gebyra ser vi at dei varierer ganske mykje mellom kommunane. Vi har ikkje gått nærare inn på dette, men forskjellane kan nok skyldast ulike måtar å handtere sjølvkost på. Kommunane har moglegheit å berekna desse gebyra til full sjølvkost. Dette føreset eit kommunestyrevedtak (prinsippvedtak).

[31] Vi har brukt data rapportert til KOSTRA. Siste tilgjengelege KOSTRA data er frå 2013 og samanlikningar med andre kommunar gjeld derfor dette året. Foreløpige KOSTRA data 2014 vil først liggje føre i medio mars 2015. Suldal sine eigne data 2014 har vi fått frå kommunen. Det er elles mange gebyrsatsar når det gjeld plan- og byggesaker. KOSTRA tar med dei vanlegaste gebyrsatsane som brukast i kommunane. Samanlikninga er derfor ikkje fullstendig. Vi har i vedlegg om KOSTRA rapportering tatt med informasjon om kva gebyr det gjeld. Gj.sn. sakshand.tid er kalenderdagar. Talet på planar gjeld vedtatte planar i rapporteringsåret. Kommunen sitt grunngebyr for handsaming av private reguleringsplanar i 2014 er på 25.750 kroner. Det er dessutan eit tillegg pr. punkt/tomt/bueining. Kommunen har ikkje klart beløpet for 2014 enno. Det same gjeld sakshandsamingstida for private reguleringsplanar.

[32] Vi har vidare sett på gjennomsnittet for Rogaland, Landet (utanom Oslo) og den aktuelle kommunegruppa (KG03) men det er her sparsomt med data i KOSTRA slik at vi vel ikkje å ta dette med. KG03 er små kommunar med middels bundne kostnadar per innbygger og høge frie disponible inntekter.

**Samanlikningar med nabokommunar – Gebyr (KOSTRA 2013/regulativ 2015)**
Vi vel å vise dette med hjelp av figurar.

**Figur 2 Gebyr for sakshandsaming privat reguleringsplan (detaljregulering) 2013 (kr)**




Med unntak for Sauda, har Suldal det lågaste gebyret.[33]

**Figur 3 Gebyr for sakshandsaming oppføring einebustad 2015 (kr)[34]**




[33] For handsaming av reguleringsplanar har kommunane vanlegvis eit grunngebyr samt eit påslag (etter areal eller liknande). Det er ikkje alltid klart korleis dette påslaget vert berekna. Ettersom Sauda hadde svært lågt gebyr, har vi også kontrollert dette gebyret mot kommunen sitt gebyrregulativ for gjeldande år.
[34] Gebyret for oppføring av einebustad er enkelt å finne i kommunane sine gebyrregulativ. Vi har derfor tatt med gebyret for 2015. Kommunane sine gebyr har elles visse forskjellar i innhaldet, slik at samanlikninga ikkje er fullkommen.

Suldal sitt gebyr er midt på treet. Som det elles går fram av tabellen føre (tabell 7) vart Suldal sitt gebyr her meir enn dobla frå 2013 til 2014.

**Samanlikningar med nabokommunar - Sakshandsamingsstider (KOSTRA 2013)**[35]

Vi viser nedanfor **gjennomsnittleg** sakshandsamingstid for ordinære byggesaker og enkle tiltak. Det er dessutan tatt med lovreglane sine tidsfristar (PBL) og kommunen sine eigne interne mål for tidsbruken (Interne).[36]

**Figur 4 Gj.sn. sakshandsamingstid ordinære byggesaker og enkle tiltak 2013 (kalenderdagar)**




Vi ser at Suldal sine sakshandsamingstider for ordinære byggesaker - samanlikna med nabokommunane Hjelmeland og Vindafjord - var lange i 2013. Dei var også godt over kommunen sitt eige interne mål for sakshandsaminga. Kommunen har hatt ein del etterslep på byggesaker pga. lengre sjukefråvær. Som det elles går fram av tabellen føre (tabell 7) var Suldal sine sakshandsamingstider i 2014 på 30 dagar for ordinære byggesaker og 16 dagar for enkle tiltak.

## VURDERINGAR AV SULDAL SI TIDSBRUK I SAKSHANDSAMINGA OG GEBYRTAP

**Tidsbruk private reguleringsplanar (2010-2013)**

Sakshandsamingstida var svært lang i 2013 med 585 dagar. Dette skyldast at planane som vart vedtatt det året, var kompliserte og tidkrevjande. Vi har tatt med kommunen si forklaring i vedlegg.

[35] Vi vel ikkje å samanlikna sakshandsamingstider for private reguleringsforslag. Dette vil av ulike årsaker variere mykje frå år til år. I tillegg hadde ikkje Sauda og Forsand nokon vedtatte reguleringsplanar i 2013.

[36] Kommunen har ikkje satt eigne interne mål for private reguleringsforslag, men held seg berre til dei lovmessige tidsfristane. Den førre plan- og bygningslova hadde ein samla tidsfrist for private reguleringsforslag på 48 veker (336 dagar). Sakshandsaminga ved slike saker er i tre trinn. Det er i ny plan- og bygningslov ikkje antydt nokon frist for andregongs handsaminga (som var 24 veker i gammal lov).

**Tidsbruk byggesaker (2010-2014)**
For byggesaker hadde Suldal i mange tilfelle overskride handsamingsfristen. Dette gjeld særleg for 2013, kor 19 % av byggesakene hadde overskride tidsfristane. Overskridingane gjeld både ordinære byggesaker (kor gebyrtap kan vere aktuelt) og enkle tiltak (kor gebyrtap ikkje er aktuelt).

Dei faktiske sakshandsamingstider og talet på tilfelle av fristoverskridingar er kanskje mindre enn dei registrerte (KOSTRA data). Sakshandsamingstida skal teljast frå **komplett søknad** er kome inn og kor forseinkingar som skyldast søkjar ikkje skal takast med. Kommunen noterer ikkje alltid desse «avbrota» og dette fører til at dei registrerte sakshandsamingstidene vert for lange.[37]

**Gebyrtap private reguleringsplanar (2010-2014)**
For private reguleringsforslag er det berre gebyr for førstegongs handsaminga (12 veker). Kommunen har ikkje hatt noko gebyrtap her. Lange sakshandsamingstider for private reguleringsforslag skyldast normalt tida etter førstegongs handsaminga, slik at dette ikkje synast unaturleg. Det er elles i KOSTRA ikkje nokon data om førstegongs handsaminga.

**Gebyrtap byggesaker (2010-2014)**
For byggesaker har kommunen berre ført eit gebyrtap. Dette skjedde i 2014. I denne saka med ansvarleg søkjar vart gebyret redusert med 5.400 kroner (75%). Det var i 2014 fristoverskriding i totalt åtte saker (7 %). Dei syv andre sakene er mindre tiltak (utan ansvarsrett) kor søkjaren sjølv har stått for søknaden. Tre av desse gjeld ordinære byggesaker med eit samla gebyrtap på 12.515 kroner. I ein av sakene vart krav om gebyr ikkje sendt. Gebyrtapet her er på 7.210 kroner og vert ført i 2015.

Vi ser dermed at kommunen ikkje har nokon fast rutine på å betale tilbake gebyr ved fristoverskridingar. Dei einskilde søkjarane må normalt sjølv be om gebyrreduksjon og det har ikkje vore slike krav (med unntak for den nemnte saka i 2014). Ut frå lovreglane ligger betalingsansvaret på kommunen.

**Tilråding**

- Kommunen bør sørge for at tidsregistreringa ved ordinære byggesøknader (12 vekers tidsfrist) blir korrekt, slik at ein kan følgje med på saker kor det kan vere aktuelt med gebyrreduksjon ved fristoverskridingar. Kommunen bør også ha ein fast rutine på å betale tilbake gebyr ved fristoverskridingar.

[37] Kommunen seier her følgjande: «Det er og slik at fristen vert avbroten der søknaden ikkje er komplett og me bed om fleire opplysningar. I ein del tilfelle vert det bede om slike opplysningar over telefon. I desse sakene har me ikkje alltid formelt avbrote fristen for sakshandsaming. Den registrerte sakshandsamingstida vert såleis og for lang i nokre saker, men dette kan me altså ikkje alltid dokumentere.»

# VEDLEGG

# Om forvaltningsrevisjon

I kommunelovens § 77.4 pålegges kontrollutvalgene i fylkeskommunene og kommunene å påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon innebærer systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra fylkestingets/kommunestyrets vedtak og forutsetninger. Lovens bestemmelser er nærmere utdypet i revisjonsforskriftens kapittel 3 og kontrollutvalgsforskriftens kapittel 5.

Revisjon i norsk offentlig sektor omfatter både regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, i motsetning til i privat sektor hvor kun regnskapsrevisjon (finansiell-) er obligatorisk.

Rogaland Revisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon på oppdrag fra kontrollutvalget i kommunen. Arbeidet er gjennomført i henhold til NKRF sin standard for forvaltningsrevisjon, RSK 001. Les mer på www.rogaland-revisjon.no.

Denne rapporten er utarbeidet av forvaltningsrevisor Rune Eskeland under ledelse av fagansvarlig for forvaltningsrevisjon Bernt Mæland, og gjennomgått av oppdragsleder Tore Kristensen. Mandat for gjennomføring av prosjektet ble vedtatt av kontrollutvalget i møte 19.06.14.

# Revisjonskriterier

Revisjonskriteriene er krav eller forventninger som revisjonen bruker for å vurdere funnene i undersøkelsene. Revisjonskriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området, f.eks. lovverk og politiske vedtak.

I dette prosjektet er følgende kriterier anvendt:

- Plan- og bygningsloven med forskrifter
- Kommuneplanen (arealdelen med reguleringsbestemmelser)
- Direktoratet for byggkvalitet: Veiledning byggesak (tilsyn)

# Metode

Vi har avholdt oppstartsmøte med rådmannen og enhetsleder bygdeutvikling. Vi har foretatt intervjuer med personer som har direkte befatning med kommunens plan- og byggesaker. Dette gjelder spesielt enhetsleder bygdeutvikling, kommuneplanlegger, kommunalsjef plan og LMT-leder. Vi har også sett på dokumenter fra kommunen og tallmessige sammenligninger ut fra KOSTRA-tall. Prosjektet tar ellers utgangspunkt i det system som kommunen har for plan- og byggesaker. For å besvare spørsmålet om hvor fornøyde søkerne er med kommunens saksbehandling, har vi sett på kommunens brukerundersøkelse for byggesaker (2013). Kommunens praktisering av selvkostregler er ikke omfattet av prosjektet. Vår kontaktperson for hele forvaltningsrevisjonsprosjektet har vært enhetsleder for bygdeutvikling.

**Kilder**

Vi henviser til følgende kilder:

***Aktuelle lovregler***

- Plan- og bygningsloven av 27. juni 2008
    - Plandelen i kraft 01.07.09
    - Byggesaksdelen i kraft 01.07.10
- Forvaltningsloven av 10. februar 1967
- Klima og miljødepartementet: Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskriften) av 26. juni 2009 (i kraft 01.07.09)

- Klima og miljødepartementet: Forskrift om tidsfrister, og sanksjoner ved overskridelse av fristene, for private forslag til detaljregulering etter § 12-11 i plan- og bygningslov (gebyrforskriften) av 11. juni 2010 (i kraft 01.07.10)
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) av 26. mars 2010 (i kraft 01.07.10)
- Klima og miljødepartementet: Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (plandelen)
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (byggesaksdelen)

***Sentrale rundskriv og veiledninger (fra «gamle» departementer)***

- MD: Rundskriv T-2/2009 Ikraftsetting av ny plandel i plan- og bygningsloven
- KRD: Rundskriv H-1/2010 Ikraftsetting av ny byggesaksdel i plan- og bygningsloven
- MD: Lovkommentarer til plandelen av ny plan- og bygningslov (juli 2009)
- MD: Planlegging etter Plan- og bygningsloven T- 1476/2009 (kortveileder til ny lov)
- MD: Kommunal planstrategi T-1494/2011 (veileder)
- MD: Reguleringsplan T 1490/2011 (veileder)
- MD: Veiledning til forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister (veileder oppdatert pr. januar 2011)
- Direktoratet for byggkvalitet: Veiledning byggesak (tilsyn)

***Interne (Suldal kommune)***

- Kommuneplanen 2009-2020 (kommunestyret 27.10. 09, sak 73/09)
- Kommuneplanen 2014-2025 - Høring (kommunestyret 17.06.14, sak 43/14)
- Kommunens planstrategi 2012-2016 (kommunestyret 08.05.12, sak 28/12)
- Kommunens planprogram for kommuneplanen 2014-2025 (kommunestyret 07.05.13, sak 37/13)
- Kommunens etiske retningslinjer (vedtatt av kommunestyret 18.06.13)
- Kommunens brukerundersøkelse for byggesaker (2013) – Utført av KS/bedrekommune.no
- Kommunens rutiner for plan- og byggesaker (flere)
- Vurdering av medlemskapet i Greater Stavanger (kommunestyret 21.10.14, sak 62/14)
- Kommunens årsmelding 2013

***Andre kilder***

- Oppslag i Suldalsposten om plan- og byggesaker i Suldal kommune
- Nettsider til fylkesmannen i Rogaland (FMR)
- Nettsider til Direktoratet for byggkvalitet: (med Byggeregler, ByggSøk etc.)
- KS Effektivitetsnettverkene (2012): Kvalitetskartlegging av kommunale tjenester - Faglig veileder for byggesaksbehandling (gjelder bedrekommune.no)
- Statistisk sentralbyrå SSB: Fysisk planlegging (KOSTRA-tall 2010-2013 for Suldal kommune)
- Statistisk sentralbyrå SSB: Fysisk planlegging (KOSTRA-tall 2013 for Suldal kommune samt sammenligninger med nabokommuner)
- Rapportering av kommunale tjenesteproduksjonsdata i KOSTRA 2013 (veiledning til utfylling av skjema)

# Brev ny kommuneplan Suldal kommune (Fylkesmannen i Rogaland)

*Brev til Suldal kommune 18.09.14 (dokumentet er tatt fra fylkesmannens nettsider)*

## Samordna statleg fråsegn til kommuneplan for Suldal 2014 - 2025

Me viser til oversending frå Suldal kommune, datert 20.06.2014. Samordna fråsegn er frå Fylkesmannen i Rogaland, Statens vegvesen og Kystverket. Andre regionale statsetatar har ikkje motsegner eller faglege råd til planforslaget. Av statsetatane er det berre fylkesmannen som har motsegner til planen og det ligg ikkje føre motstridande statlege motsegner. Me ser fram til vidare kontakt og samarbeid med Suldal kommune om ferdigstilling av kommuneplanen.

## Oversikt over statlege motsegner og faglege råd

Fylkesmannen har følgjande motsegner til følgjande område i planen:

- Bustadområda Oslehamrane, Erøy og Hammaren
- Omdisponering frå camping til bustader på Nesflaten
- Næringsområdet ved Tysingvatnet på Jelsa
- Råstoffutvinningsområde på Nerheim
- Småbåthamn på Drarvik
- Manglande føresegner for leikeplassar, naust/brygger, LNF-spreidd

Fylkesmannen har følgjande faglege råd til planen:

- Klypetjønn/Brakåsen: Rekkjefølgjekrav til fleire byggetrinn
- Stølane nord og Skjerahaug: Rekkjefølgjekrav, vente til Erfjordlia og Stølane sør og aust er ferdig utbygd. Innmarksbeite i Stølane nord blir endra til LNF.
- Røssedalen, Hålandsosen: Området for spreidd bustadbygging blir ikkje lagt på dyrka jord
- Bergshagen: Kollen som vender mot campingen blir lagt ut til buffersone/LNF, og innarbeide føresegn som utelukkar handel
- Ta ut bubilparkering på Lagerhus, og vurdere Laksestudioet som alternativ
- Legge inn føresegner om flaum, inkludert 20 omsynssone mot vassdrag
- Legge inn i føresegnene 2 m som lågaste byggehøgd over havnivå
- Legge inn føresegner for støy, estetikk, overvatn, havnivåstigning og flaum
- Det blir utforma fleire og meir konkrete mål/tiltak i samfunnsdelen

Statens vegvesen har følgjande faglege råd til planen:

- Strategiar i klimaplanen blir meir innarbeidd i kommuneplanen – endra reisemiddelfordeling og reduksjon av veksten i transportbehovet er ein viktig premiss i planen
- Spreidd bustadbygging bør tas ut av planen – kommunen bør fokusere på fortetting av eksisterande grender
- Nye bustadområde blir planlagt i gang- og sykkelavstand til skule
- Lokalisering av næringsareal må vurderast ut i frå prinsippet om samordna areal- og transportplanlegging
- Prinsipp om universell utforming skal leggast til grunn for planlegging av nye bustadområde
- Plassering av byggeområde bør vurderast i høve til Handlingsplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest
- Det bør utarbeidast tydlegare målsettingar i høve til gå- og sykkelstrategi, og trafikktryggleik.

Kystverket har følgjande faglege råd til planen:

- Område for kombinert formål ankring i Erfjord bør leggast ut i samsvar med Kystverket si registrering

- Ankringsområda visast med arealføremålet «ferdsel – ankringsområde»
- Retningsline for ankring får følgjande tillegg: «Eksempelvis kabler, rør, ledninger og andre tiltak som kan være til hinder for sikker forankring.»
- Avsette område der «fiske» er einaste føremål, og som overlappar med hovudlei og bilei, blir lagt ut som kombinasjonsføremål «ferdsel og fiske»
